

Fangsthistorikk

Av Odd Nakken

Kommersiell sel- og kvalfangst har vorte dreve så langt attende som til middelalderen. Baskarane er dei første me kjenner til som dreiv kommersiell fangst først i heimlege farvatn, seinare i fjerne farvatn. På 1500-talet dreiv dei fangst ved Newfoundland og Finnmark. Hollendarar og engelskmenn tok etterkvart over, etter at dei oppdaga mengdar av kval og sel under freistnader på å finna vegen til India oppe i nord.

I Noreg vart dei første freistnadane på ishavsfangst gjort mot slutten av 1700-talet, men først ut på 1800-talet kom denne fangsten skikkeleg i gang. Med utgangspunkt i Tromsø og Hammerfest vart det bygd opp ein flåte i 1830-åra på omlag 90 fangstskuter og 900 menn. Alt i 1870-åra var den norske fangsten i Vesterisen og i Austisen oppe i omlag 90.000 dyr årleg.

Selfangst fram til 1870–1880

Baskarane, fiskarar og sjøfolk ved Bis-kayabukta, la grunnlaget for fangst av kval og sel i arktiske område. I tidleg middelalder starta dei kvalfangst i sine heimfarvatn for å utrydda kval som øydela garna deira. Etterkvart som dei fekk avsetnad på kvalprodukt utvikla dei direkte kommersiell fangst av kval. Då det minka med kval ved deira eigne kystar, trekte dei nordover og på 1500-talet dreiv dei kvalfangst frå kyststasjonar frå Newfoundland til Finnmark.

På 1600 talet tok dei to store sjøfartsnasjonane, Holland og England, til med kvalfangst i området Svalbard–Jan Mayen. Både engelskmenn og hollendarar freista finna sjøvegen til India oppe i nord, den fann dei ikkje, men dei fann kval og sel i mengder og starta fangst. Dei brukte baskarar som leigebasar i fyrstninga. Etterkvart som mengda av kval langs kystane avtok utvikla dei pelagisk fangst. I områda nær drivisen såg dei sel i mengder, og kring år 1700 tok dei til med selfangst. I fyrstninga som eit tillegg til kvalfangsten, seinare som direkte fangst av sel.

Den hollandske fangsten for 1767 og 1768 frå områda ved Jan Mayen–





Fig. 1. Fangst av sel – i hovudsak grønlandssel og klappmyss – i området Vesterisen – Danskestredet. Gjennomsnittleg årleg fangst i 10-års periodar.



Svalbard er oppgitt til omlag 93 000 dyr som gav 4 000 fat med spekk. Hollendarar og engelskmenn og danskar dreiv selfangst fra skip i drivisen i dette området til fram mot 1870-åra. Noreg kom med for alvor rundt 1850 og utvikla sin fangst sterkt i perioden 1850–1880. Samla fangst i 1865 og 1866 i «Jan Mayen området» var omlag 180 000 og 150 000 dyr.

Også ved Newfoundland føregjekk det ein stor og omfattande fangst i heile førre hundreåret. I femåret 1829–34 var den gjennomsnittlege årsfangsten ca. 500 000 dyr, medan årleg fangst i 1860-åra låg mellom 500 og 800 000 dyr.

Utviklinga av norsk fangst

Dei første freistnadene på ishavsfangst frå norsk side vart gjorde mot slutten av 1700-talet frå Hammerfest. Foretaket var statstøtta, men trass i at det vart hyrt russiske ekspertar vart det ingen suksess. Russarane hadde alt ein velutvikla fangst ved Bjørnøya og Svalbard. Dei fangsta i hovudsak isbjørn og kvalross på austsida av Svalbard og hadde lite kontakt med hollendarane som dreiv kvalfangst på vestsida.

I naudsåra med krig og hunger i byrjinga på 1800-talet sette norske styresmakter i verk fleire tiltak for å hjelpa fram næringslivet i distrikta og utkantane, og dei freista å stimulera til kval og selfangst på fjerne farvatn. Både i Hammerfest og Tromsø utvikla det seg «ishavsmiljø» og i 1830–1835 hadde desse to byane ein ishavflåte på omlag 90 skuter med ca. 900 mann. Fram til 1850-åra var kvalross viktigaste fangstobjekt, men etterkvart som det minka med kvalross vart fangst av sel viktigare, og utover i siste halvdel av 1800-talet auka norsk fangst av sel i Nordaustatlanten be-


tydeleg. Dette fall saman med at engelskmenn, hollendarar og danskar nærmast slutta sin fangst i desse områda.

I første halvdel av 1800-talet føregjekk fangsten frå Nord-Noreg, og fangstområdet var i hovudsak Bjørnøya–Svalbard–Barentshavet. Kring 1850 utvikla fangarar frå søraustlandet (Svend Foyn) fangst i Vesterisen og i 1854 deltok 8 skuter frå Tønsberg i dette fangstområdet. Dette var sterkbygde skuter av ein ny type som kunne forsera is, slik at ein ikkje lenger var avhengig av at selen fanst nær iskanten. I 1874 deltok meir enn 30 skuter frå Sør-Noreg med 1500 mann i Vesterisen og dei hadde ein samla fangst på omlag 90 tusen dyr (grønlandssel, klappmyss og storkobbe). Til samanlikning var utbytet i Austisen i 1875 med skuter frå Nord-Noreg omlag 8000 dyr, men etterkvart kom også dei nordnorske skutene med i fangsten i Vesterisen. Kring århundreskiftet vart Sunnmøre og Tromsø dei to tyngdepunkta i norsk selfangst.

Dei norske fangstskutene hadde ein fangstrytme omlag slik: Frå midten av mars til midten av april dreiv dei ungsel-fangst og deretter fangst på alle aldersgrupper til fram mot slutten av mai på felta i Vesterisen og ved Jan Mayen. I juni dreiv dei fangst på hårfel-lande klappmyss i Danmarkstredet (Grønlandstredet). Fangststatistikken er mangelfull, men klappmyssfangsten kunne dreia seg om 15 til 40 tusen av ein samla norsk fangst på 80–90 tusen dyr i 1870-åra.

Fangsten i Vesterisen og Danskestredet

I Fig. 1 og 2 og i Tabell 1 er gitt eit oversyn over omfanget av fangsten i dette området. Fig. 1 viser gjennomsnittleg årfangst for 10 års periodar



Fangst av grønlandssel (opne søyler) og klappmyss (skraverete søyler) i Vesterisen – Danskestredet. Gjennomsnittleg årleg fangst i 5-års periodar.

av alle artar, i hovudsak grønlandssel og klappmyss. Det er sannsynleg at totalfangsten var høgast i 1850-1860 åra, då Noreg trappa opp sin fangst, og før andre nasjonar drog seg ut frå dette fangstområdet. Kring 1880 var den «utenlandske» fangsten utfasa, og siden den tid er den norske fangsten eit godt mål for totalfangsten i området. I dei siste 10-åra har Sovjetunionen hatt eit mindre kvantum i Vesterisen. Den sterke nedgangen i fangstkvantum i perioden 1880-1900 heng saman med avtakande bestander av sel i området samstundes som etterspurande etter selprodukt minka. I tiåret 1900-1909 vart gjennomsnittleg årleg fangst berre omlag 23 tusen dyr tilsaman av begge artene. Dette er det minste som nokon gong er fanga i dette området, når ein ser bort frå krigsåra 1940-45 og perioden etter 1980.

Fangsten i Austisen

Etterkvart som det minka med sel i Vesterisen fram mot hundreårsskiftet, tok norske fangstskuter til med fangst i Austisen (Fig. 3). Under og etter første verdenskrigen auka etterspurnaden etter selprodukt (spesielt feitt) sterkt, og i 10-året 1920-1930 vart norsk fangst i dette området svært stor. I 1925 tok soleis norske fangstskuter omlag 350 tusen dyr i Austisen, det aller meste inne i Kvitsjøen.

Utover i 1930-åra minka den norske fangsten i Austisen sterkt, av fleire årsaker. Fangsten vart regulert etter avtaler i den norsksovjetiske selfangstkommisjonen (oppretta i 1926). I 1929, t.d. vart totalfangsten sett til 350 tusen

dyr med halvparten av kvota til kvar av dei to landa. Opptappinga av fangsten i Austisen hadde avlasta bestandane i Vesterisen. Desse bestandane bygde seg opp att og i 1920-30 åra auka fangsten i Vesterisen att. Det var likevel klart for næringa at felta i Nordaustatlanteren ikkje gav tilstrekkeleg fangstgrunnlag for den verksemda som var oppbygd, og i slutten av 1930 åra tok norske fangstskuter til å arbeida ved Newfoundland.

Før siste verdskrigen hadde Noreg og Sovjetsamveldet avtalar som sikra norske fangarar store andelar av fangsten i Austisen. Etter krigen vart omfanget av norsk fangst i dette området betydeleg redusert, og i dei siste 10-åra har dei norske fangstkvotane på dette feltet lege på omlag 15-20 000 dyr. På kastefelta i Kvitsjøen kan ikkje norske fangstskuter fanga sel.

Fangsten ved Newfoundland

Etter eit mislykka prøveprosjekt i 1915, vart norsk fangst ved Newfoundland utvikla i slutten av 1930-åra, med statleg støtte. Før krigen var deltakinga etter måten låg – 5 skuter i 1940 – men etter 1945 var dette feltet det viktigaste for norsk selfangst. Alt i 1950 passerte årleg fangst 100 tusen dyr, og i toppåret 1959 vart norsk fangst godt over 200 tusen dyr, i hovudsak grønlandssel.

Totalfangsten ved Newfoundland har variert omlag slik:

Periode	Fangst
1825 – 1860	Årleg gjennomsnitt meir enn 500 tusen i 11 av desse åra
1863 – 1894	Avtakande til årleg gjennomsnitt 340 tusen
1895 – 1911	Årleg gjennomsnitt 250 tusen
1912 – 1940	Årleg gjennomsnitt 160 tusen
1949 – 1961	Årleg gjennomsnitt 340 tusen
1961 – 1970	Årleg gjennomsnitt 290 tusen
1971 – 1981	Årleg gjennomsnitt 172 tusen

Fram til midten av 1970-åra hadde norske fangstskuter ein stor andel at totalfangsten ved Newfoundland. Etterkvart vart den norske andelen mindre og 1982 var siste året norske skuter fanga sel på dette feltet.

Tabell 1. Årleg fangst av grønlandssel og klappmyss i Vesterisen i 1980-åra.

År	1981	1982	1983	1984	1985	1986	1987
Grønlandssel .	15 475	11 896	7581	1978	566	4753	
Klappmyss.....	12 074	15 837	612	582	2119	4770	




Fig. 3. Fangst av grønlandssel i Austisen. Opne søyler er totalfangst, skraverete søyler er norsk fangst. Gjennomsnittleg årleg fangst i 10-års periodar.

Fangst reguleringar

Fangsten i Vesterisen vart regulert i 1876. Ein internasjonal avtale sette datoar for fangsten og forbod mot fangst av drektige hoer. Det var soleis forbode å fanga sel og klappmyss mellom 67°N og 75°N tidligare enn 3. april. Denne formen for regulering; startdato for fangsten og forbod mot fangst av kjønnsmodne hoer, har sidan vore den mest brukte. Sidan 1953 har Selfangstrådet vore rådgjevande organ for styresmaktene når det gjeld reguleringsspørsmål vedkomande selfangst og utforminga av vedtektene for fangsten. I dei siste 10-åra har fangsten vore regulert gjennom konsesjonar, kvotar, tidsperiodar, områdeavgrensing og andre tiltak. Eit utdrag av forskriftene for Vesterisen i 1987 er som følger:

Med Vesterisen forstås i denne forskrift drivisområdene ved Jan Mayen og utenfor Øst-Grønlands kyst nord for 66°30' nordlig bredde, unntatt områder innan Islands økonomiske sone.

Det tillates fangst av maksimum 20.500 grønlandssel og 16.700 klappmyss. Det er forbudt å fanga hunner av grønlandssel og klappmyss i kastelegrene.

Det er forbudt å fanga grønlandssel før 18. mars 1987 kl. 0700 GMT og




Fig. 4. Samla fangst av sel – i hovudsak grønlandssel og klappmyss – i Nordaustatlanteren (Vesterisen og Austisen). Gjennomsnittleg årleg fangst i 10-års periodar.

(forts. side 21)

(forts. fra side 20)

av 1970-årene synes det å være en økning av torskekveis i fisk på norskekysten nord for Stad. Dette var samtidig med økningen i selbestanden i samme område. I denne perioden fant vi i gjennomsnitt ca. 1500 kveis i havertmagene i samme området. I 1980-årene har dette tallet gått ned til ca. 500, uten at selbestanden har minket tilsvarende.

Så langt vi vet ser det ut til å være to faktorer som påvirker mengden av torskekveis i et område, det er tettheten av sel og selens næringsvalg. Spiser selen mye pelagisk fisk vil mengden av torskekveis gå ned. Spiser selen mye bunnfisk går torskekveismengden opp.

Siden mengden av torskekveis i havertmagene har minket de siste år uten at det har vært noen nedgang i selberstanden må nedgangen skyldes omlegging av føde.

Det foreligger ingen undersøkelser som viser noe omlegging av havertens næringsvaner. Det synes imidlertid rimelig å peke på sammenbruddet i sildestammen på norskekysten på slutten av 60-årene som en mulig årsak til omlegging av næringsvaner hos haverten til mer bunnlevende fiskearter. Dette ville i tilfellet føre til en økning av mengden torskekveis. I 80-årene har silda blitt mere tilgjengelig igjen. Hvis andelen sild i havertsens føde har økt vil mengden av kjønnsmoden kveis i havertmagen minke og mengden egg minke. Dette vil igjen kunne føre til mindre infisert fisk.

Det er registrert nedgang av torskekveis i sel men undersøkelser av utviklingen av infeksjon i fisk foreligger ikke.

(forts. fra side 11)

lokalitet fordi det alltid er noen i sjøen. Dette gjør at de oppgitte tall er minimums tall og det reelle tallet for hele kysten er ganske sikkert minst 5 000 steinkobber.

Når det gjelder utviklingen i steinkobbebestanden langs kysten har vi få tellinger som viser dette. For bestanden ved Hvaler foreligger det anslag som viser vekst siden 1958. I svenske og danske undersøkelser av steinkobbe i Kattegatt er det påvist en vekstrate på 10-14% pr. år. i totalfredete bestander. Fra Møre og Romsdal og nordover er det fri fangst av kystsel i deler av året. Resultatene fra fellingsprogrammene langs kysten viser at det gjennomsnittlig ble felt 10-16% av opprinnelsesbestandene pr. år. På denne bakgrunn må man anta at tilveksten i steinkobbebestandene mellom Stad og Lofoten har stagnert.

Lofotfiske (Oppsyns-distriktet) pr. 19. februar 1988

	Uken 15-19/2
Fangst, tonn.....	1 182
Fiskevekt.....	2,5-3,0
Kg.fisk pr. hl. lever.....	1 200-1 900
Tranprosent.....	50
Antall farkoster.....	441
Antall mann.....	1 122
Total:.....Tonn	
Henging.....	95
Salting.....	836
Salting til filet.....	50
Fersk.....	41
Frysing rund.....	69
Frysing filet.....	84
Hermetikk.....	0
Damptran..... hl	270
Lever til an.anv.....	96
Rogn, skarpsaltet.....	0
Rogn, sukkersaltet.....	229
Rogn, Fersk.....	15
Rogn, Frysing.....	4
Rogn, Hermetikk.....	4
Rogn, Dyrefor.....	-

Totalfangst - Tonn

Pr. 19/2-88	1 182
Pr. 13/2-87	2 160
Pr. 23/2-86	2 895
Pr. 24/2-85	4 108
Pr. 26/2-84	10 042
Pr. 27/2-83	11 868
Pr. 28/2-82	13 921
Pr. 22/2-81	6 926
Pr. 24/2-80	5 042
Pr. 25/2-79	7 231

(forts. fra side 15)

ett år gamle og eldre grønlandssel før 10. april 1987 kl. 0700 GMT. Klappmyss er det forbudt å drive fangst på før 18. mars 1987 kl. 0700 GMT. All fangst skal være avsluttet senest 5. mai 1987 kl. 2400 GMT. Sesongen kan, når vær- og isforholdene vanskeliggjør fangsten, forlenges til 20. mai kl. 2400 GMT. Det er forbudt for fartøyene å gå fra Norge før 10. mars 1987 kl. 1800 norsk tid.

Det er forbudt å foreta mer enn en fangsttur til fangstfeltene i Vesterisen. Fiskeridepartementet kan dispensere fra denne bestemmelsen. Slik dispensasjon kan bare gis i de tilfeller et fartøy på grunn av tvingende omstendigheter må forlate fangstfeltet uten å ha oppnådd tilfredstillende fangstresultat.

Som tidlegare nemnt har den norske andelen av fangsten i Austisen vore relativt låg etter krigen. Årlege kvotar og andre reguleringsiltak, vert avtala i den norsk-sovjetiske fiskerikommissjon.

Lofotfiske (Oppsyns-distriktet) pr. 26. februar 1988

	Uken 22-26/2
Fangst, tonn.....	590
Fiskevekt.....	2,4-3,3
Kg.fisk pr. hl. lever.....	1 200-1 700
Tranprosent.....	50
Antall farkoster.....	584
Antall mann.....	1 506
Total:.....Tonn	
Henging.....	210
Salting.....	1 154
Salting til filet.....	66
Fersk.....	50
Frysing rund.....	86
Frysing filet.....	199
Hermetikk.....	0
Damptran..... hl	403
Lever til an.anv.....	119
Rogn, skarpsaltet.....	0
Rogn, sukkersaltet.....	384
Rogn, Fersk.....	15
Rogn, Frysing.....	6
Rogn, Hermetikk.....	12
Rogn, Dyrefor.....	-

Totalfangst - Tonn

Pr. 26/2-88	1 772
Pr. 20/2-87	2 687
Pr. 2/3-86	4 148
Pr. 3/3-85	5 855
Pr. 4/3-84	12 947
Pr. 6/3-83	17 981
Pr. 7/3-82	18 660
Pr. 1/3-81	10 609
Pr. 2/3-80	5 988
Pr. 4/3-79	9 692

Totalfangst av sel i Nordaustatlanteren

I Fig. 4 er vist totalfangsten av sel i Nordaustatlanteren (Danmarkstredet-Vesterisen-Nordisen og Austisen) i perioden 1890-1985. Tala er gjennomsnittleg årleg fangst i 10-årsperiodar, og dei er avrunda til nærmeste 5000 dyr. Når ein ser bort frå 10-året 1940-50, er totalfangsten i perioden 1970-1990 mindre, og tildels betydeleg mindre, enn den har vore på hundre år. Som tidlegare nemnt vart det dreve ein omfattande fangst i Vesterisen alt frå slutten av 1700-talet. Truleg er fangsten i den nordaustlege Atlanterhavet dei siste 20-åra mindre enn på 150 år. Nedgangen i fangst har rimelegvis - på same måte som i tidlegare tider - ført til ein uke i dei store selbestandane (grønlandssel og kalppmyss) i området, noko som framgår av dei andre artiklane.